



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 18.04.2016

Vår ref.: 2016/4869

Arkivnr.: 462.1

Sandnes kommune
Postboks 583
4305 Sandnes

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsling av tilsyn med Sandnes kommune som miljøstyresmakt på området lokal luftkvalitet.

Kommunane skal føre tilsyn med at reglane i forureiningsforskrifta si kapittel 7 blir følgde. Miljødirektoratet har bede fylkesmennene i heile landet om å føra tilsyn med korleis oppgåver og plikter blir utførte av kommunane og kor godt kommunane er kjende med luftforureiningane i eigen kommune. I Rogaland skal dette gjerast i Sandnes og Stavanger. Resultata skal bli samanstilte på landbasis og vil kunne dokumentere utfordringar og manglar ved lovverk og informasjonsmateriell.

Me syner til telefonsamtale om moglege møtedatoar for kommunetilsyn.

Bakgrunn

Det er konkludert med at mange hundre personar i Noreg døyr for tidleg pga. dårleg luftkvalitet i spesielt byområda. I 2015 ble Noreg dømd i EFTA-domstolen for brot på EU sitt direktiv for luftkvalitet. Same året konkluderte Riksrevisjonen med at luftkvaliteten i byområda ikkje er i tråd med fastsette mål, og kritiserte stat og kommune for ikkje å følgje opp lovverket.

Kommunen er forureiningsstyresmakt for forskrifta og skal føre tilsyn med at reglane blir følgde. I tillegg gir forskrifta kommunen spesifikke plikter. Dette inkluderer gjennomføring av målingar, tiltaksutgreiingar og krav til informasjon til publikum. Kapitlet set også minimumskrav til luftkvalitet gjennom juridisk bindande grenseverdier. Kommunen kan pålegge tiltak for å sikre at dei ansvarlege overheld grenseverdiane.

Bl.a. derfor er forureiningsforskrifta si kapittel 7 om lokal luftkvalitet tema for tilsynet. Miljødirektoratet har bestemt at det skal gjennomførast ein landsomfattande tilsynsaksjon med kommunen som miljøvernmyndighet for lokal luftkvalitet. Fylkesmennene er bedne om å utføra slike tilsyn i ein til tre kommunar i kvart fylke. Resultata frå blant anna denne aksjonen vil vere viktig for direktoratet si vidare prioriteringar for å styrka det nasjonale miljøvernarbeidet. Me viser elles til vedlagde faktaark som Miljødirektoratet har laga om aksjonen.

I Rogaland skal Fylkesmannen gjennomføra tilsyn i Sandnes og Stavanger.

Plan for gjennomføring av undersøkinga

Vi har satt opp følgjande plan for gjennomføring av tilsynet:

- 3. mai 2016, kl. 09:05 Innleiande møte
- 3. mai 2016 Intervju /evt. verifikasjon
- 4. mai 2016, kl. 13:15 Sluttmøte

Fylkesmannen ber om at rådmann og etatssjef er til stades i det innleiande møtet og sluttmøtet, og eventuelt andre personer i organisasjonen med instruksjons- og/eller mynde til å ta avgjerder. Det vil på bakgrunn av tilsendt organisasjonsplan og opplysningar i det innleiande møtet, bli klargjort om det er andre personar som Fylkesmannen ynskjer å intervjuje ved tilsynet. Miljødirektoratet har bedt om at ordføraren blir informert om tilsynet.

Tilsynet vil bli gjennomført ved at Fylkesmannen intervjuar enkelte personar i ansvarskjeda, rådmann, etatssjef, sakshandsamar etc. Kvart intervju vil vare frå 30 til 45 minutt etter ein på førehand oppsett plan. Nærare orientering om metode og gjennomføring vil bli gitt i innleiande møte.

Ytterlegare dokumentasjon.

Fylkesmannen er ikkje kjend med detaljar om korleis arbeidet med luftforureining er organisert i Sandnes, og ber derfor om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Organisasjonskart og/eller anna som syner funksjonar, ansvar og oppgåver i det kommunale miljøvernarbeidet
- Siste årsrapport frå kommunen
- Delegasjonsreglement eller annan dokumentasjon som syner delegert mynde i kommunen
- Kommunen sitt internkontrollsystem på dette området
- Relevante planar for dette feltet.

Dersom kommunen meiner det er anna materiale som er relevant for undersøkinga, ber Fylkesmannen om å få tilsendt dette. Me ber om at slik dokumentasjon blir sendt oss snarast og om mulig pr. e-post.

Det er hensiktsmessig at kommunane peiker ut ein bestemt person som kan vere kontaktperson under førebuingane og gjennomføringa av eit slikt tilsyn. Så langt i prosessen har me hatt kontakt med Hans Ivar Sømme og med mindre dette er feil, antar me at Sømme er rette person.

Tilsynet vil bli utført av Karen Førre Weyde og Kristian Falnes Solberg med sistnemnte som revisjonsleiar og kontaktperson hjå Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
Ass. fylkesmiljøvernssjef

Kristian F. Solberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Kristian F. Solberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 28
E-post: fmrokso@fylkesmannen.no

Vedlegg: Faktaark frå Miljødirektoratet